



### TO NYE ABBA-LÅTAR

Førre fredag kom meldinga om at Abba skal gje ut ny musikk for første gong sidan 1981.

– Vi kjende alle at det ville ha vore artig å gå i innspelsstudioet att. Så det gjorde vi. Det var som om tida hadde stått stille, seier bandet.

Det er snakk om to nye låtar, og den eine har tittelen «I Still Have Faith In You», melder Universal Music Norge.

Foto: Universal Music Group



Bilete frå musikkvideoen som følgjer låten «Emerald Rush».

møte som på overflata kunne verke usannsynleg, men som når alt kom til alt, var perfekt. King Creosote var også med på *Immunity* (2013), som stadfesta Hopkins' posisjon som soloartist, utan at han fekk det for travelt. Han skulle altså la det gå fem år før neste album under eige namn kom ut.

### HEILSKAPLEG


Når Hopkins gjestar Oslo i oktober, har han valt seg Rockefeller som rom, og det varslar eit og anna om kva for arena han ønskjer seg for den nye musikken sin. På sitt vis er *Singularity* eit kamprop for albumformatet. Hopkins sjølv insisterer på at dei ni spora utgjer eit heilskapleg verk, og at intensjonen er at lyttaren skal ta seg tid til å ta innover seg alt saman i løpet av «one sitting», som det heiter. Det manglar ikkje på ambisjonane. Pianisten,

komponisten, artisten og produsenten har ønskt å fange ei paradoksal, motsetjingsfull moderne kjensle i albumet, nemleg det han omtalar som «dissonansen mellom den dystopiske urbaniteten og dei grønne skogane».

Du kan nyte *Singularity* utan dette konseptuelle vegkartet, som for somme vil vere i overkant, men etter å ha nytta med Hopkins' instruks i bakhovudet, må eg vedgå at eg er fascinert. Når albumet munnar ut i den enkle melodien «Recovery», er det tale om ei heilande tilbaketrekking inn i noko som er elementært og menneskeleg og likevel forankra i ei tilhørsle i noko større enn menneskeverda. *Singularity* er musikk for vår tid.

### ØYVIND VÅGNES

Øyvind Vågnes er forfatter og fast musikkskribent i Dag og Tid.



# KLASSISK

SJUR HAGA BRINGELAND sjurhabring@gmail.com

## Mikrokosmos av kjensler

Kjell Habbestads korverk er rikt på tekstleg og komposisjonsteknisk aweksling.

### CD

KJELL HABBESTAD:  
**Et nox in diem versa**  
KÅRE NORDSTOGA, ORGEL;

LATVIJAS RADIO KORA, DIR.: SIGVARDS KLAVA; OSLO DOMKOR, DIR.: VIVIANNE SYDNES; LAWO 2017

Komponisten Kjell Habbestad gjorde vel då han valde Latvias radiokor til den nye plata si. Ikkje berre meistrar dette profesjonelle kammerkoret alle dei til tider teknisk krevjande partia i dei komposisjonsteknisk varierte verka hans. Det har òg ein interessant klangpalett som skil seg frå liknande skandinaviske kor på fleire punkt. Eg tenkjer her på at dei latviske bassane «buldrar» meir i det djupe registeret, og at dei syng vokalane meir lukka og litt nasalt, i retning av det me kjenner frå russisk korsong. Når det gjeld kvinnene, merkar me at særleg sopranane nyttar sterkare vibrato i viktige parti som skal vektleggast.

Den latinske tittelen på albumet, *Et nox in diem versa*, tyder «og natti vart til dag» og er henta frå tredje strofa i julesalmen «Det hev ei rose sprunge». Dette er ikkje det einaste latinske på plata; på ni av dei elleve spora blir det sunge latin, stundom kombinert med norsk og engelsk. Heldigvis er òg Oslo Domkor somme stader med, slik at me slepp å lytta til nynorsk songtekst framført med latvisk aksent.

### MARIAS LOVSONG

Det trespråklege høyrer me



Komponisten Kjell Habbestad frå Bremnes i Sunnhordland er professor ved Noregs musikkhøgskule i Oslo. Foto: Ingvild Habbestad

i det fyrste sporet på plata, «Magnificat». Dette var i 1978 Habbestads debutstykke som komponist; seinare integrerte han det i det tredelte verket *Cantica*, op. 1. Magnificatteksten, som òg blir kalla «Marias lovsong», er frå Lukasevangeliet og har fast plass i vesperbøna i kyrkja. Her føreseier Maria møy, som har fått englebod om at ho skal bli med barn, korleis Gud hjelper foket sitt med å snu om på maktforholda i verda.

Hymnen er rik på dramatiska skildringar og difor godt eigna til tonesetjing, noko gjendreis av komponistar gjennom musikkhistoria og har gjort – mest namngjeten er vel J.S. Bachs versjon frå 1723. Habbestads utforming byr på overraskingar, til dømes i opninga, der Maria kved: «Mi sjel høgløvar Herren, og mi ånd frydar seg over Gud, min frelsar.» Tradisjonelt er dette ein tekstpassasje der komponistane «fleskar til» med praktfulle paukar og trompetar. Habbestad fokuserer

derimot på otta Maria kjenner andsynes den store livsgjerdinga ho er blitt kalla til; difor tek stykket til med ein stille, solistisk framboeren meditasjon over ordet *anima* («sjel»).

### SANDE-SALME

«Magnificat» er, som dei fleste stykka på plata, komponert etter eit på førehand fastlagt harmonisk og melodisk system. På dette punktet skil *Du som låg i natti seine* frå op. 90 seg ut, der teksten (sunget i engelsk omsetjing) er av Jakob Sande (1906–1967). I denne komposisjonen, som er den mørkaste på plata, er det nemleg den effektfulle *tekstskildringa* Habbestad strevar etter. Det lukkast han med – måten han toneset dei einskilde verselinene i Sandediket på, er som mikrokosmos av kjensler, med affektar som endrar seg frå takt til takt.

### SJUR HAGA BRINGELAND

Sjur Haga Bringeland er musiker og fast musikkmeldar i Dag og Tid.

## Brekande kontratenor

### CD



ANTONIO VIVALDI:

**Gloria**  
JULIA LEZHNEVA, SOPRAN;  
FRANCO FAGOLI,

KONTRATENOR; CORO DELLA RADIOTELEVISIONE SVIZZERA; I BAROCCHISTI; DIR.: DIEGO FASOLIS. DECCA 2018

Vivaldis mest kjende og oftast inspelte kyrkjemusikkstykke er nok den spenstige *Gloria*-tonesetjinga, RV 589, som truleg blei komponert for å feira Venezias siger over tyrkarane på øya Korfu i 1716.

Framføringa til det sveitsiske orkesteret I Barocchisti og Coro della Radiotelevisione svizzera (koret til Sveits' italienskspråklege allmennkringkastar) er livfull og spretten. Fin er òg den slanke, skimrande sopranrøysta til russiske Julia Lezhneva, som har ei særige ro over seg. Så langt, alt vel. Men den argentinske kontratenoren Franco Fagoli er som ein parodi på stemmefaget sitt, med brekande vibrato og geitete nasal klang, noko som gjer at eg i framtida vil kvi meg for å setja denne elles så framifrå plata i spelaren.

SJUR HAGA BRINGELAND



Karikatur av Antonio Vivaldi (1678–1741) frå 1723.